

---

Saksnr: 2021/15792-9  
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

## Rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i Den kulturelle skulesekken i fylkeskommunar og kommunar

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune legg ASA 4401 Rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i Den kulturelle skulesekken i fylkeskommuner og kommuner til grunn for inngåing av individuelle avtalar med oppdragstakarar i Den kulturelle skulesekken i Vestland.
2. Avdelingsdirektør får fullmakt til å gjere justeringar som følgje av eventuelle endringar i vilkåra og satsane i rammeavtalen.

Samandrag

KS og Musikernes fellesorganisasjon (Mfo), no Creo, forhandla fram rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i Den kulturelle skulesekken i 2018. Avtalen regulerer problemstillingar som økonomiske vilkår, rettar, plikter og omfanget av oppdraget, og er lagt til grunn for arbeidet med Den kulturelle skulesekken i fylkeskommunar og kommunar i heile landet. I juni i år vart rammeavtalen reforhandla. I reforhandla avtale er honorarsatsane oppjusterte, avtalen elles er ikkje endra. Den nye rammeavtalen er inngått for perioden 1.8.2021 - 31.7.2022.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Siri Ingvaldsen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2018 inngjekk KS og Musikernes fellesorganisasjon (Mfo), no Creo, rammeavtale om vilkåra for oppdragstakarar i Den kulturelle skulesekken (DKS). Avtalen vart reforhandla i juni i år.

Rammeavtalen er resultat av eit felles ønske om ei sentral regulering av vilkåra for oppdragstakarar/sjølvsendig næringsdrivande utøvarar i DKS. Den er ikkje ein tariffavtale og må vedtakast i kvar fylkeskommune og kommune.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar la avtalen frå 2018 til grunn for inngåing av individuelle avtaler med oppdragstakarar i DKS. Rammeavtalen har også vore gjeldande for Vestland fylkeskommune fram til den no vart reforhandla.

Rammeavtalen er relativt kompleks og regulerer fleire viktige problemstillingar som mellom anna økonomiske vilkår, rettar og plikter og omfanget av oppdraget.

I reforhandlinga har KS og Creo blitt samde om endra honorarsatsar. Avtalen elles er ikkje endra. Den nye rammeavtalen er inngått for perioden 1.8.2021 - 31.7.2022.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

### **Økonomi:**

Vestland fylkeskommune får årleg tildelt spelemidlar til DKS frå Kulturtanken. Saka gjeld vilkår for oppdragstakarar i DKS.

### **Klima:**

I programmeringa og turnéplanlegginga for DKS vert det valt miljøvenlege løysingar der det er mogleg.

### **Folkehelse:**

Kultur bidreg til betre folkehelse.

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

DKS bidreg til mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

Konklusjon

KS og Creo (tidlegare Mfo) forhandla i 2018 fram rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar i DKS. Denne avtalen låg til grunn for avtalar Hordaland fylkeskommune/Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde med oppdragstakarar i DKS. Den ligg derfor også til grunn for inngåing av avtalar i Vestland.

Rammeavtalen er no reforhandla. I reforhandlinga er honorarsatsane oppjusterte, avtalen elles er ikkje endra.

Avdelingsdirektør rår til at reforhandla rammeavtale vert lagt til grunn for inngåing av individuelle avtalar med oppdragstakarar i DKS i Vestland.